Bruk av propylenglykol (PG) i fôring av mjølkekyr med mjølkerobot

Propylenglykol (PG) er eit fôrtilskot som vert brukt til høgtytande mjølkekyr for å førebygge og behandle ketose, spesielt i den første tida etter kalving. PG fungerer ved å auke tilgangen på glukoseforløparar i vomma og blodet, og reduserer risikoen for negativ energibalanse og høge BHB-verdiar, og ulempene som dette medfører.

Fordelar med å gje PG til mjølkekyr i tidleg laktasjon:

- **Førebygging av ketose:** Reduserer risikoen for både skjult (subklinisk) og synleg (klinisk) ketose. Dette gir betre dyrehelse og mindre behov for veterinærbehandling.
- **Stabil mjølkeyting**: Kyr med låg BHB har jamnare appetitt og mjølkeproduksjon.
- **Betre fruktbarheit**: Kyr med lågare keton-nivå kjem raskare i brunst og har høgare drektigheitsprosent.
- **Effektiv drift:** Mjølkerobotar registrerer ofte nedgang i mjølkeyting ved sjukdom. Med PG kan bonden redusere slike produksjonstap, og ein ser responsen i roboten.

Neubalac Liquid: Vårt unike propylenglykol-produkt:

- Er svært konsentrert: Inneheld heile 98,9% PG
- Er ikkje fortynna med glyserol, som berre gir halv effekt på blodsukkerdanninga samanlikna med rein PG. Doseringa er derfor lågare enn liknande produkt som inneheld glyserol.
- Er tilsett aromastoff som kvesser appetitten til kua.
- Den høge konsentrasjonen av PG gir lågare dosering. Vår løysing gir lågare totalkostnad per ku per dag samanlikna med konkurrerande produkt.

Kontakt din lokale rådgiver for mer info

Fiskå Mølle

Dosering bør gjerast som funksjon av dine BHB-målingar

BHB er ei forkorting for betahydroksybutyrat, som er eit nedbrytingsprodukt av fett, men der nedbrytinga ikkje er gjort på optimalt vis. Høge nivå BHB i blod og mjølk viser at kua er underfôra på energi. Kua må då mobilisere mykje kroppsfeitt kvar dag for å dekke energimangelen. Kapasiteten som levra har til å ta unna kroppsfeitt er avgrensa, og det er her proble-ma oppstår, og som gjer at BHB blir danna. Og det er nettopp her Neubalac Liquid kjem inn. Produktet reduserer i stor grad ulempene som energimangel fører til for mjølkeproduksjon, fruktbarheit, dyrehelse og økonomi.

Generell tolkning av BHB-målingar

I praksis blir BHB vanlegvis målt i blod (handhaldte måleapparat er tilgjengelege).

- BHB < 1,2 mmol/L: Normalstatus – ingen ekstra tiltak nødvendig.
- BHB 1,2–2,9 mmol/L: Subklinisk ketose – vurder å halde fram med PG lenger, eller auke dosen til 300 g/dag dersom kua får mindre.
- BHB 3,0 mmol/L eller over: Klinisk ketose – PG bør gjevast fullt (300 g/dag), og ein bør vurdere andre energitiltak i tillegg.

I vestlege land er det vanleg at BHB-analysar på grupper av kyr påverkar kor lenge ein held fram med PG. Dersom majoriteten av kyr har BHB under 1,2 mmol/L, avsluttar ein gjerne PG tidlegare.

Dosering av PG i praksis:

Før kalving:
Start dosering på kalvingsdato: 100 ml/ku/dag.

Etter kalving:
Gje 100–200 ml/dag dei første 5–7 dagane. Høgast nivå til kyr som erfaringsvis mjølkar mest, eller som er feite ved kalving (holdpoeng 3,5 eller meir).

Vekesvise målingar av BHB i blod tilrådast. Dersom verdiane ligg stabilt under 1,0 mmol/L, kan dosen reduserast tidlegare.

Dersom BHB-verdiane er i intervallet 1,2 – 2,9 mmol/L, bør ein sikre at kua får 200 ml/dag, evt. heilt opp mot 300 ml dersom nivået ikkje går ned over tid.

Ved BHB-nivå over 3 mmol/L: Gje kua 300 ml/dag. Vurder om kua får nok kraftfôr av rett kvalitet, og om grovfôropptaket kan aukast. Om BHB-nivået vedvarer er det sannsynleg at det krevst veterinærvurdering og behandling utover PG-doseringa.

Kor lenge bør ein gje Neubalac Liquid?

Ein kombinasjon av førebyggjande dosering og oppfølging med BHB-målingar gir best effekt i prak-tisk drift.

- Normalt sett: Frå kalving til 3–4 veker etter kalving.
- Varigheita kan tilpassast etter BHB-målingar og individuell risiko (t.d. høg avdrått, feite kyr eller kyr med sjukdomshistorikk). Er BHB-nivåa hos enkeltkyr over 1,2 mmol/l også i tidsrommet 5-10 veker etter kalving, tilfør Neubalac Liquid etter tilrådingane over.

Fiskå Mølle har utstyr til å måle BHB-nivå i blod.